



Farlig er tvilen på egne krefter.  
 Farlig er flukten: Bare vi nu gir efter  
 så vil det jenke seg,  
 -bare vi nu lar saganatten senke seg.

Farlig er mørket, når det får bre seg,  
 slik at du ikke vet, hva du tenker!  
 Da kan det te seg  
 slik, at du tror deg fri, når du går i lenker!  
 Farlig er lønnsomhetslinjen og hjelpen de girr oss!  
 Farlig til døden er det at "venner" befrir oss!  
 Arnulf Överland, Juni 1940.

### Fred, frihet og fritt ord.

Oppgjersdagen nærmer seg. Fienden og dei som har bundne framtida si til han, kan gjere oss buet sitt. Dei allierte armeane som rykker fram i vest syd og aust, gir oss perspektivet for friheten og freden klarere. Spørsmålet melder seg for alle nasjonar og folk, og for den einskilde, om slutten av krigen og dermed freden vil koma like uventa som sjølve krigen kom.

Dei allierte stormaktene førebur i desse dagar i Washington, grunnlaget for trygginga av freden etter krigen. I alle land som har vore underkua av nazismen, former det seg ei samansveising av alle framstegsvenlege krefter for å trygge ei fredeleg demokratisk utvikling etter krigen. Kampen mot undertrykkerne former samstundes det politiske grunnlaget for eit verkeleg folkestyre i dei nasjonane som tyskerne har kua.

I Frankrike har denne demokratiske samlinga skjedd under førarskap av generalen de Gaulle. I Italia er det demokratisk samling omkring den nye regjeringssjefen, sosialisten Bonomi. I Jugoslavia har den demokratiske samlinga i kampen mot tyskerne, gått føre seg under leiinga av kommuniste marsjall Tito. I grannelandet vårt Danmark er det den konservative folketingsmannen Christmas Møller som er ansiktet for samlinga. I Polen kjem de rimelegvis til å verta under ein sosialist som er sjef for den polske nasjonalkomiteen i Moskva. I dei siste dagane har vi sett dei demokratiske kreftene i Romania, kasta av seg det reaksjonære diktaturet til Antonescu. Her skjer samlinga under den kjende bondeføreren Maniu.

Overalt ser vi eit nytt demokrati ta form, -eit demokrati i kamp og utvikling, der dei beste i folket, fra alle klassar og parti, kjem fram på den politiske arena. Gamle fordomar fell, samannans-synet kverv, og det politiske vidsyn kjem istaden. Kampen for friheten former og nører livet kring for friheten for tida som kjem. Det billete som møter oss nå ute i Europa, er ikkje berre at krigen går mot slutten, men at alle land kjem fram or krigspakjeninga med eit nytt politisk ansikt, eit ansikt som vi alle likar -eit levande sosialt og politisk demokrati, - den einaste garanti for at freden er forbudd og at krigen trass i alt, ikkje har makta å kvele frihetens idealer, som sidan den store franske revolusjon, har vore livsformene for all kulturell utvikling.

Norge. Vi kom til å stå i ein serstilling mellom dei okkuperte land. Det var vi som skulle vera prøvekluten for nazistene vurdert å nasifisere landet med hjelp av ei regjering av lekjar. At det vart Norge som vart prøvekluten er ikkje smigrende for oss. Det viser at fienden vurderte oss som eit politisk tilbakeleggande land, dette vart og bekræfta av fiendens forordningar i det statlige og kommunale liv, og under stortingsforhandlingane somaren 1940. Vi nådde ikkje fram til den politiske samling i kampen for friheten som var naudsynt dersom motstanden var skulle verta effektiv. Hadde det ikkje vore for motstanden fra nokon få yrkesorganisasjonar, som



fagrørsla hausten 1941 og lærar og kyrkjestridenten våren 1942, kunne landet vårt stå som eksempel på eit folk som hadde mist evne til å kjempe for sin eigen frihet. På eit altfor tidleg tidspunkt vart det ført ein propaganda som tok sikte på å motarbeide ein aktiv motstand mot fienden. Vi skal ikkje koma inn på kven som har skulda for denne passive linje. Dommen ~~xxx~~ som kjem når fri presse og fritt ord igjen kjem i høgsæte og søgje om den norske innsatsen i frihetsstriden skal skrivast vilverte hard. Men her ligg den faren at dei som er skuldige i denne feilaktige politikken, vil hindra det frie ord fra å koma fram.

Her ligg det ei stor oppgåve for alle ærlige nordmenn: Å sjå til at det særlige og demokratiske synet kjem fram, at vi når krigen er over ikkje får ei ny muungong på oss med eit anna namn. Vi nordmenn har ord på oss å vera fritalende. La oss derfor sjå til at vi verner om retten til å bruka denne nasjonale serhåtten. Vi må sjå den sanninga i augo at det idag er sterke krefter som reddast det frie ord når krigen er over. Desse må vi vera på vakt mot overalt. På same vis som dei tyske lærermeistrene, vil dei sette eit visst politisk stempel på alle dei som kjemper for det frie ord, for fri tenkning og aktiv handling på demokratisk grunnlag. Her har dei fire års tysk propaganda å støtte seg til.

Dei som idag strider for ein aktivisering av kampen mot fienden, med ~~xx~~ krav om fullt politisk samarbeid av alle parti på eit demokratisk grunnlag, representerer det beste i folket vårt i denne tid. Det er den hederlige typen innan folket, som kjenner ansvaret for framtida, og som bygger på idealer som har framtida for seg. Det er dei som vil at Norge ikkje skal ligge som haleheng til utviklinga i dei andre land, men som vil at vi som i 1812 skal vera å finna i første rekke når det gjeld å halda friheten og det frie ord i ære.

Hos ungdommen skal desse idealer vera i høgsætet. Ungdomen er livsnær, og er folket si framtid. Hos dei vart det ikkje omgynnet til stilling eller personlege interesser som dikterer standpunkt. Ungdomen er politisk hederlig og usmitta av korrupsjon. Den skal vera saltet som tryggar mot råten-skapen. Når de nå skal vera med i kampen mot den fiende som har tek fra dykk retten til fri tenkning og fri tale, så vær itid på vakt mot dei som etter krigen vil ta fra dykk denne retten. For dette er livsretten for alle frie folk.

### Krigsnytt.

I Frankrike har frigjeringsstyrkane av landet av dei allierte og innenlandske styrkane, gått for seg så snøgt at det er mest uråd å fastsette kvar dei er komne til. Dei amerikanske styrkane står ved den sveitsiske grense, og har gått over Seinen både nord og syd for Paris. Den tyske arme som drog seg tilbake mot Seinemunningeh, er det ingen ting att av. Fangene ströymar inn i tusental, og den organiserte motstanden er så og seie borte. Talet på dei tyske fangar og fæne er nå koma langt over ein halv million menn.

Dei frie franske innenlandsstyrkane har hatt store sigrar. Alle dei store byane i Frankrike er erobra av dei. Fredag var stemninga i Frankrike på toppen då general de Gaulle drog inn i Paris der folket gladda seg over friheten som var vunnen. Marseillen ljoma igjen i gøtene, Paris var igjen ein fri hovudstad.

Romanias brot med Tyskland er resultatet av ei demokratisk reising over heile landet. Det begynte med demonstrasjonar og streikar. Regjeringa som er laga er sammansett på breid demokratisk basis med representantar for det liberale parti, bondepartiet, kommunistane, sosialistane og dei militære. Antonescu er flykt til Tyskland. Den 6 og 8 tyske arme i Romania har mist dekning: si mot russarane. Russarane rykker nå fram mot Galatsopninga og oljefeltet i Floesti. Det vart meldt om kamper mellom tyskarer og romane over heile landet. I flatehøna Constanza foregår det kampar. Vidare rykker russarane ~~xxxxxx~~ fram mot Krakov og i områdene ved Varsjva. Dornat i Estland er tatt. Den nye russiske offensiven ruller opp igjen med same kraft som før. Finland og Bulgaria står i ferd med å fylgje eksemplet fra Romania. Fra Moskva er det sendt ut opprop til det tyske folket om å gå til oppstand mot Hitler. Ein dristig oppstand vil sette nazistane ut av spillet, heiter det i oppropet.